

<b>RÅD:</b>	<b>MØTESTAD:</b>	<b>MØTEDATO:</b>	<b>SAK NR.:</b>
GAULAR SOKNERÅD	KYRKJELYDSHUSET	26.09.2012	GSR 24/12 F (KL § 14)

Arkiv nr. : 008

**SAK: FORSLAG TIL ENDRINGAR I FØRESKRIFTENE TIL  
GRAVFERDSLOVA – HØYRING.**

---

**SAKSHANDSAMAR:** Magna Lisbeth Lunde

**SAKSDOKUMENT:** Skriv av 28.06.12. frå Fornyings-, Administrasjons- og kirkedepartementet "Forslag til endringer i gravferdsforskriften – høring".  
Forskrift til lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd.  
(Endringar og ny tekst, avsnitt m.m. er ført til i lovteksten med utheva og understreka tekst. Dette for at det skal komme tydeleg fram kva som vert endra og tilføya).

**SAKSUTGREIING:**

Fornyings-, administrasjons og kirkedepartementet sender på høyring forslag til endring av føreskrifta til gravferdslova.

**Bakgrunnen for endringane er følgjande:**

- Utviklinga som har vore etter at føreskrifta vart innført.
- Erfaring med praksis som har utvikla seg med grunnlag i dispensasjonar.
- Samanheng med oppfølginga av kyrkjeforliket - "det framtidig forhold mellom stat og kyrkje".

**Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på følgjande:**

- Bør det kunne dispenserast frå kravet til kiste ved gravlegging?
- Kva som er den mest hensiktsmessige tolkinga av uttrykket virkedager i gravferdslova.
- Vurderingane og forslaga i høyringsnotatet.
- Vurdering av om det er andre underliggande organ eller organisasjonar som burde vore førelagt saka, og som ikkje er med på høyringslista.

Høyringsfristen for høyringsnotatet er sett til 01. november 2012.

Heile høyringsdokumentet er tilgjengeleg på [www.regjeringen.no/fad](http://www.regjeringen.no/fad).

## **Bør det kunne dispenseres fra kravet om kiste ved gravlegging?**

*"3.3. Bør det kunne dispenseres fra kravet om kiste ved gravlegging?*

*Gravferdsforskriften § 28 stiller krav om at det skal benyttes kiste ved gravlegging og kremasjon. Bestemmelsen kan bare fravikes av departementet, jf. forskriften § 39.*

*I utredningen Livsfaseriter som religions- og livssynspolitisk utfordring (Ingvild Thorson Plesner og Cora Alexa Døving (red.), STL, Oslo 2009) beskrives kravet om bruk av kiste ved gravlegging som en hovedutfordring for noen av medlemmene av Islamsk Råd Norge. Representanter for både sunni- og sjiamuslimer ønsker en oppheving av kistekravet, med referanse til England og Nederland der begravelse uten kiste har blitt innvilget som særrettighet ved noen gravplasser. Like fullt understreker alle informantene at dette ikke framstår som et veldig stort problem fordi muslimer ifølge sharia skal følge lovene i det landet man bor.*

*Departementet mener det ikke vil være forsvarlig å fjerne kravet om kiste ved gravlegging og ved kremasjon. Det er få som i praksis ytrer ønske om at gravlegging skal kunne skje uten kiste. Etter departementets oppfatning kunne det være aktuelt at den lokale gravferdsmyndigheten fikk adgang til å dispensere fra kistekravet ved gravlegging når et ønske om gravlegging uten kiste er begrunnet i avdødes religion eller livssyn, jf. også fanebestemmelsen i gravferdsloven § 1 første ledd. Kirkelig fellesråd bør i tilfellet kunne stille vilkår for et slikt vedtak, for eksempel at de etterlatte selv fyller igjen graven. Departementet ber om høringsinstansenes synspunkter til dette spørsmålet."*

**Kyrkjevevja er samd med departementet at det ikkje er forsvarleg å fjerne kravet om kiste ved kremasjon og gravferd.**

**Det er dette som er vektlagt når ein vurderer det slik at det ikkje skal vere høve for dei lokale gravferdsmyndighetene til å gje dispensasjon frå kravet om bruk av kiste ved gravlegging.**

**Kva som er den mest hensiktsmessige tolkinga av uttrykket virkedager i gravferdslova.**

### **8. Gravlegging**

*"Kirkelig fellesråd fastsetter tidspunktet for den enkelte gravleggingen, jf. gravferdsforskriften § 12 første ledd. Dette gjelder både ved kistegravlegging og ved urnenedsettelse. Fristen for gravlegging og kremasjon i gravferdsloven §§ 10 og 12 ble endret fra 8 dager til 10 virkedager med virkning fra 1. januar 2012, jf. lov 26. august 2011 nr. 40.*

*Det har etter de siste endringene i gravferdsloven vært ulike synspunkter på om lørdag skal inngå i uttrykket "virkedager". Departementet har i sin rådgivning foreløpig lagt til grunn at lørdag regnes som virkedag i gravferdsloven bare dersom den aktuelle gravferdsmyndigheten driver virksomhet denne dagen. Det vil si at dersom det er vanlig praksis på en gravplass å gjennomføre begravelser på lørdager, skal også lørdag regnes som virkedag ved beregning av frist for gravlegging på denne gravplassen.*

*Noen lover regner lørdag gjennomgående som virkedag, mens andre lover har regler om at en frist forlenges til den nærmest følgende virkedagen dersom fristen utløper på en lørdag. Departementet vil be om høringsinstansenes synspunkter på hva som vil være den mest hensiktsmessige tolkingen av uttrykket "virkedager" i gravferdsloven, om det bør legges til rette for en mest mulig felles praksis i hele landet og om det eventuelt bør tas inn bestemmelser om spørsmålet i gravferdsforskriften.*

*Fellesrådets vedtak om tidspunkt for gravlegging har i praksis ikke vært gjenstand for klage, da avgjørelsen skal skje raskt. De etterlattes ønske om tidspunkt for gravlegging skal ivaretas så godt som mulig. Fellesrådet må imidlertid ha den endelige avgjørelsesmyndigheten i fastsettelsen av tidspunkt for gravlegging. Departementet*

ønsker å tydeliggjøre dette gjennom å føye til et nytt punktum til § 12 første ledd som skal lyde:

"Fellesrådets vedtak kan ikke påklages".

Kyrkjevevja meiner i utgangspunktet at auken frå 8 dagar til 10 virkedagar er for lang tid frå eit dødsfall skjer til den avdøde skal vere gravlagd. Denne endringa er innført og ein må såleis berre innrette seg etter det. Dersom vi i Gaular legg departementet si tolking til grunn inneber dette at det kan inntreffe dødsfall der pårørande kan påberope seg retten til at det går 14 dagar frå eit dødsfall skjer til at ein kan gjennomføre gravferda. Med bakgrunn i dette er det vesentleg korleis ein tolkar virkedagar.

I tillegg meiner kyrkjevevja at det bør vere lik praksis over heile landet i eit så vesentleg spørsmål.

Med bakgrunn i ovannemnde moment meiner ein at laurdag må reknast som virkedag uavhengig om dei som har gravferdsmynde (fellesråd eller sokneråd) driv verksemd laurdagen.

Når det gjeld dei andre framlegga til endring i føreskrifta har ein ikkje merknad til desse. Kyrkjevevja har heller ikkje framlegg til andre underliggande organ eller organisasjonar som burde vore med på høyringslista

#### **TILRÅDING TIL VEDTAK:**


- Det vert ikkje høve for dei som har det lokale ansvaret for gravlegging, til å dispensere frå kravet om bruk av kiste.
- Laurdagen vert å rekne som virkedag uavhengig av om det er høve til å ha gravferd denne dagen eller ikkje.  
Lovverket må ha lik praksis over heile landet når det gjeld kva som er virkedag eller ikkje.
- Ein har ikkje merknader til dei andre endringane i føreskrifta.
- Ein har ikkje framlegg om andre underliggande organ eller organisasjonar som burde vore med på høyringslista.

#### **GAULAR SOKNERÅD SITT VEDTAK:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift:

Sande: 26.09.12.



Magna Lisbeth Lunde

Kyrkjevevje

Kopi:

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet